

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
080/23	Formannskapet	PS	08.11.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/2755

Søknad om KS-medalje

Vedlegg:

Vedtekter Medalje KS-nov19

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å søkje KS om tildeling av KS-medaljen for Rita Aud Tveiten

Formannskapet - 080/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek å søkje KS om tildeling av KS-medaljen for Rita Aud Tveiten.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I vedtektene for KS-medalje står det:

«§ 1 KS-medalje tildeles folkevalgte eller tilsatte i kommuner eller fylkeskommuner som har utført en fortjenstfull samfunnsgagnlig virksomhet av særlig betydning for sin kommune eller fylkeskommune.

§ 2 For folkevalgte kreves vanligvis at vedkommende har hatt tillits- og eventuelt tjenesteoppdrag i minst 24 år.

For tilsatte kreves vanligvis at vedkommende har vært tilsatt i minst 25 år.

For begge grupper kan inntil tolv års tjenestetid i kommunalt, fylkeskommunalt eller interkommunalt eide virksomheter eller i organisasjoner for kommuner telle med.

For folkevalgte regnes tjenestegjøring i verv som medlem av Hovedstyret i KS med. Åtte års tjenestegjøring som medlem av Hovedstyret er selvstendig grunnlag for tildeling av medaljen.

§ 3 **Vedkommende formannskap eller fylkesutvalg kan søke om tildeling av medaljen.** Søknaden fremmes på KS søknadsskjema. Medaljen tildeles i disse tilfellene av forbundets administrerende direktør eller den administrerende direktør gir fullmakt. Medaljen kan også tildeles av KS på eget initiativ. I disse tilfellene tildeles medaljen av Hovedstyret, eventuelt etter forslag fra fylkesstyrene.

§ 4 Avgjørelser om tildeling av medaljen grunngis ikke.

§ 5 Administrerende direktør i KS fastsetter avgift for medaljen. Avgiften betales av den instans som har tatt initiativet til tildelingen.

§ 6 Navnene til de personer som er tildelt medaljen, skal føres inn i en protokoll som oppbevares av administrasjonen i KS.»

Bakgrunn

Rita Aud Tveiten ga seg som folkevald i Osterøy kommune etter heradsstyreperioden 2019-2023. Ho stilte for perioden 2023-2027 til val til fylkestinget, men kom ikkje inn korkje som fast medlem eller vara til fylkestinget.

Under følgjer ein komplett oversikt over heile Rita Aud Tveiten sin politiske karriere:

Heradsstyret i Osterøy kommune:

- Medlem 1983-1987
- Medlem 2015-2019
- Medlem 2019-2023

Fylkestinget:

- Medlem Fylkesting, Hordaland 1983-1987
- Medlem Fylkesutval, Hordaland 1987-1991
- Medlem Fylkesutval, Hordaland 1991-1993

Stortingsperiodar

- Vararepresentant nr 6 for Hordaland, 1989 - 1993, A.
- Representant nr 13 for Hordaland, 1993 - 1997, A.
- Representant nr 14 for Hordaland, 1997 - 2001, A.
- Vararepresentant nr 1 for Hordaland, 2001 - 2005, A. (01.10.2001 - 30.05.2004)
- Representant nr 1 for Hordaland, 2001 - 2005, A. (30.05.2004 - 30.09.2005)

Vararepresentasjonar

- Møtte fast som representant 01.10.2001-19.10.2001 for Olav Akselsen.
- Rykket opp som representant 30.05.2004 etter Leif Lunds død.

Medlemskap i stortingskomitear

1993-1997

- Medlem, Kontroll- og konstitusjonskomiteen, 21.10.1993 - 29.10.1996
- Medlem, Sosialkomiteen, 29.10.1996 - 30.09.1997

1997-2001

- Medlem, Næringskomiteen, 21.10.1997 - 30.09.2001

2001-2005

- Medlem, Forsvarskomiteen, 04.06.2004 - 30.09.2005

- Varamedlem, Valkomiteen, 16.06.2004 - 30.09.2005

Medlemskap i delegasjonar

1993-1997

- Varamedlem, Stortingets delegasjon til Nordisk råd, 25.10.1993 - 30.09.1997
- Delegat, FN's generalforsamling, 1994 –

1997-2001

- Varamedlem, Stortingets delegasjon til EFTA-parlamentarikerkomiteene og Den felles EØS-parlamentarikerkomiteen, 30.03.2000 - 30.09.2001
- Varamedlem, Stortingets delegasjon til Nordisk råd, 30.03.2000 - 07.12.2000
- Medlem, Stortingets delegasjon til Nordisk råd, 07.12.2000 - 30.09.2001

Offentlege verv

- Medlem Fylkeskulturstyret, Hordaland 1984-1987
- Medlem Administrasjonsutvalet, Osterøy 1984-1987
- Medlem og formann Styret for Hordaland Teater 1985-1995
- Meddommar Nordhordland heradsrett 1987-1997
- Medlem Fylkesskolestyret, Hordaland 1988-1991
- Medlem Statens Fiskarbanks avdelingsstyre i Bergen 1992-1996
- Leder Utvalet for kunstnerisk utsmykning i Stortinget 1993-2001

Tillitsverv i parti

- Medlem, nestleiar og leder Styret for Osterøy Arbeiderparti 1979-1993
- Tiltreande styremedlem Hordaland Arbeidarparti 1987-1993
- Varamedlem Styret for Osterøy Arbeidarparti 1993-2005

Tillitsverv i organisasjonar

- Medlem Styret i Norsk Kommuneforbund avdeling 543 1984-1990
- Leder og hovudtillitsvalt Norsk Kommuneforbund avdeling 543 1986-1988
- Leder Framfylkingen Hordaland 1987-1991
- Medlem Styret for Kommunanes Sentralforbund Hordaland 1988-1995
- Medlem Landstinget for Norske Kommunars Sentralforbund 1988-1995
- Medlem Styret for Osterøy AOF-foreining 1990-1993

Andre administrative verv

- Medlem Styret for Bergen - China Foundation 2006-2009
- Medlem Styret for Konfucius-institutt i Bergen frå 2007
- Medlem Programstyret for NTNU-Marin frå 2007
- Nestleiar Kysten inn i EU

Oversikta er henta frå <https://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representant/?perid=RTV>

Vurdering

KS-medaljen tek i utgangspunktet ikkje omsyn til statleg/nasjonal politisk teneste. Det må likevel vurderast om ein i det heile skal sjå helt bort i frå dette.

Dersom ein skal vere nøktern i vurderinga av Tveiten sin politiske karriere og ikkje i det heile teke med åra på stortinget, og all teneste og verv i samband med dette, kjem ein likevel fram til at Tveiten har 25 år samla teneste tid. Dette er fordelt på 12 år i Osterøy kommune, 6 år i fylkeskommunen (om ein her ikkje tel perioden 1983-1987 dobbelt, i så fall er det 10 år) og 7 år i Kommunanes Sentralforbund (KS).

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet for handsaming og avgjerd.